
Saksnr: 2020/47302-7
Saksbehandlar: Ragnhild Dalsbø

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

Nytt garantivedtak for E134 Røldal-Seljestad

Forslag til innstilling

- Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin godkjenning, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 931 mill. kr for prosjektet E134 Røldal - Seljestad med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. I tillegg legg vi til grunn 10 % for å ta høgde for anna usikkerheit. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 1 130 mill. kr.
- Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. Innkrevjingsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 23 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantisten sine utlegg kan dekkast gjennom ein auke av gjennomsnittstaksten med inntil 20 pst. og ein forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år. Garantien gjeld inntil bompengeselskapet si gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Garantisten har rett til å sikre garantiane med 1. prioritets pant i bompengeselskapets rett til å krevje inn bompengar.

Samandrag

Ved ein saksbehandlingsfeil hjå Statens vegvesen blei styringsramma til prosjektet (P50) nytta for å rekne ut garantibeløpet, og ikkje kostnadsramma for prosjektet (P85). Det nye og auka garantibeløpet er 1 130 mill. 2021-kr.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Dina Lefdal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Statens Vegvesen sendte fagleg grunnlag for delvis bompengefinansiering av E134 Røldal-Seljestad over til Vestland fylkeskommune 3. april 2020. Bompengepoepplet inneberer ein bomstasjon i ny tunell og to-vegs innkrevjing.

Saka om delvis bompengefinansiering av E134 blei behandla som politisk sak 66/20 i fylkestinget 3. juni 2020, med følgjande vedtakspunkt som omhandla fylkeskommunal garanti for bompengelånet:

9. *Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin godkjenning, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 695 mill. kr for prosjektet E134 Røldal - Seljestad med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 765 mill. kr.*
10. *Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. Innkrevjingsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 23 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantisten sine utlegg kan dekkast gjennom ein auke av gjennomsnittstaksten med inntil 20 pst. og ein forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år. Garantien gjeld inntil bompengeselskapet si gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Garantisten har rett til å sikre garantiane med 1. prioritets pant i bompengeselskapets rett til å krevje inn bompengar.*

Ved ein saksbehandlingsfeil hjå Statens vegvesen blei opphavleg styringsramma til prosjektet (P50) nytta for å rekne ut garantibeløpet, i staden for kostnadsramma for prosjektet (P85). Styringsramma for prosjektet er 3 061 mill. 2021-kr (P50), medan kostnadsramma er 3 699 mill. 2021-kr (P85). Då er det tatt høgde for nytt kostnadsanslag som blei godkjent hausten 2020, og oppdatert plan for byggetid der tunnelen skal opnast for trafikk i september 2029 (tidlegare føresett opning i 2028). Det nye og auka garantibeløpet er på 1 130 mill. 2021-kr.

Vedtakskompetanse

Etter reglement for finans- og gjeldsforvaltning er det fylkestinget som gjer vedtak om fylkeskommunal garanti, jf. pkt. 7.1.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Saka inneberer at fylkestinget stiller garanti for lån. Ut over dette har det inga konsekvensar for fylkeskommunal økonomi.

Klima:

Ikkje relevant.

Folkehelse:

Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ikkje relevant.

Konklusjon

Fylkesdirektør rår til å støtte auke i garantibeløpet for prosjektet E134 Røldal-Seljestad.